Kommunedelplan

for idrett og fysisk aktivitet

2027-2031

Ulstein kommune



Vedteken av kommunestyret: [Dato]
Ulstein kommune

Innhald

Forord

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for planen

1.2 Formål og målsetjing

1.3 Omgrep og definisjonar

1.4 Planprosess

1.5 Statlege mål og føringar

1.6 Regionale mål og føringar

2 Tilskot frå spelemidlane

2.1 Formålet med spelemiddelordninga

2.2 Kva kan det søkjast om tilskot til?

2.3 Søknadsprosess, saksbehandling og prioritering

3 Utviklingstrekk i kommunen og status for folkehelsa

3.1 Befolkningsutvikling

3.2 Fysisk aktivitet og folkehelse

3.3 Folkehelseutfordringar og prioriteringar

3.4 Deltaking i organisert aktivitet

4 Resultatvurdering av førre planperiode

4.1 Realiserte ordinære anlegg

4.2 Realiserte nærmiljøanlegg og friluftslivsanlegg

4.3 Erfaringar frå planperioden

5 Samordning med kommuneplan og andre kommunale planar

6 Verkemiddel og rammer for utvikling av anlegg og område

6.1 Organisatoriske verkemiddel

6.2 Sikring av areal

6.3 Utbygging og tilrettelegging

6.4 Økonomi og finansiering

6.5 Drift og vedlikehald

7 Status og framtidige behov

7.1 Dagens anleggsdekning

7.2 Nærmiljøanlegg

7.3 Ordinære anlegg

7.4 Friluftsliv

7.5 Folkehelse og aktivitetstilbod

8 Mål, strategiar og satsingsområde

8.1 Overordna mål

8.2 Delmål

8.3 Strategiar

9 Handlingsprogram

9.1 Ordinære anlegg

9.2 Nærmiljøanlegg

10 Langsiktige oppgåver

Forord

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er sentrale verkemiddel for å fremje god folkehelse, meistring og inkludering i Ulstein kommune. Gjennom tilrettelagde arenaer for både organisert idrett og uorganisert eigenaktivitet, legg vi grunnlaget for trygge oppvekstmiljø, meiningsfull fritid og eit godt sosialt fellesskap på tvers av generasjonar.

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2027–2031 er det overordna strategiske styringsdokumentet for sektoren i planperioden. Planen gir rammene for korleis kommunen skal forvalte eksisterande anlegg, prioritere framtidige investeringar og sikre økonomisk handlingsrom gjennom statlege spelemidlar. Forvaltninga av areal og ressursar krev heilskaplege vurderingar, der omsynet til folkehelse og universell utforming står sentralt.

Planen er utarbeidd gjennom ein open og involverande prosess, der innspel frå idrettsrådet, frivillige lag, organisasjonar og innbyggjarar har vore viktige bidrag til kunnskapsgrunnlaget. Eit tett partnarskap mellom kommunen og det frivillige organisasjonslivet er ein føresetnad for å lukkast med dei målsetjingane og strategiane som vert trekte opp i dette dokumentet.

Administrasjonen rettar ei stor takk til alle som har engasjert seg i planarbeidet. Det reelle innhaldet i planen vert skapt gjennom det daglege arbeidet i nærmiljøa våre, og denne planen skal vere eit aktivt verktøy for å støtte opp under dette arbeidet fram mot 2030.

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for planen

Moglegheita til å delta i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er viktig for innbyggjarane si helse, trivsel og livskvalitet. Aktivitet kan skje gjennom organisert idrett, eigenorganiserte aktivitetar eller gjennom bruk av naturen og friluftsområda i kommunen. Deltaking i idrett og fysisk aktivitet bidreg til utvikling av ferdigheiter og meistring, fremjar god helse, skaper sosiale fellesskap og gir gode naturopplevingar.

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skaper også eit stort lokalt engasjement og er avhengig av ein omfattande frivillig innsats frå lag, organisasjonar og enkeltpersonar. Frivilligheita er ein viktig ressurs i utviklinga av aktivitetstilbod og anlegg i kommunen.

Kultur- og likestillingsdepartementet stiller krav om at anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som det blir søkt spelemidlar til, skal vere innarbeidde i ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet. Hovudrevisjon av planen skal normalt gjennomførast kvart fjerde år, medan handlingsprogrammet for prioriterte anlegg skal rullerast årleg. Kommunen si prioritering av spelemiddelsøknader skal gå fram av handlingsdelen i planen.

Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIF-planen) er ein tematisk kommunedelplan som skal vere eit styringsverktøy for politikarar og administrasjon. Planen skal gi grunnlag for langsiktig og målretta utvikling av anlegg og område for fysisk aktivitet og friluftsliv.

Planen inneheld ei oversikt over eksisterande anlegg og aktivitetstilbod i kommunen, vurderer behov og utfordringar og konkretiserer Ulstein kommune sine mål og satsingar innanfor området. Planen

skal også sikre at folkehelseperspektivet blir ivareteke gjennom tilrettelegging for aktivitet og deltaking for alle innbyggjargrupper.

Ulstein kommune sin kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vart sist revidert i 2015 og gjaldt for perioden 2015–2018. Handlingsprogrammet for prioriterte anlegg har likevel vore rullert årleg.

Mandat for arbeidet med kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2027–2031 vart vedteke av levekårsutvalet og formannskapet i april 2025, og arbeidet er forankra i Ulstein kommune sin planstrategi. Planarbeidet følgjer krava i plan- og bygningslova.

Kommunedelplanen skal fastsetje mål for kommunen si satsing på området og innehalde ei vurdering av resultat og oppnådde mål frå førre planperiode. Vidare skal planen gi ei statusoversikt over eksisterande tilbod og innehalde analysar av både kortsiktige og langsiktige behov. Planen skal følgje opp mål og føringar i overordna kommunale styringsdokument.

1.2 Formål og målsetjing

Målet med planarbeidet er å:

- utarbeide overordna mål for Ulstein kommune si satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- evaluere tidlegare plan og vurdere om ein har nådd måla frå førre planperiode.
- kartleggje og analysere kortsiktige og langsiktige behov for anlegg, område og aktivitetstilbod.
- vurdere behovet for nye anlegg og areal til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- fastsetje strategiar og tiltak for å nå kommunen sine mål gjennom eit prioritert handlingsprogram.

1.3 Omgrep og definisjonar

Idrett
Med idrett meiner ein aktivitet i form av trening eller konkurranse innanfor den organiserte idretten.

Fysisk aktivitet
Eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, inkludert friluftsliv og aktivitetar som er prega av leik og rørsle.

Friluftsliv
Opphald og fysisk aktivitet i friluft med sikte på naturoppleving. I denne planen inngår friluftsliv som ein del av omgrepet fysisk aktivitet, i samsvar med Kultur- og likestillingsdepartementet sin planrettleiar.

I spelemiddelsamanheng blir idrettsanlegg i hovudsak klassifiserte slik:

Nærmiljøanlegg
Anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, normalt plassert i nærleiken av bu- og/eller opphaldsområde.

Ordinære anlegg
Anlegg som i hovudsak er knytte til organisert trening og konkurranseaktivitet.

Nasjonalanlegg
Anlegg med ein teknisk standard som kvalifiserer for internasjonale meisterskap.

Definisjonane er baserte på Kulturdepartementet Meld. St. 26 (2011–2012) og seinare rettleiande dokument for ordninga.

1.4 Planprosess

Planen er ein tematisk kommunedelplan. Arbeidsgruppa for utarbeiding av ny KIF-plan har bestått av:

- Karen Strand, kommunalsjef oppvekst og kultur
- Leif Ringstad, kultursjef
- Inger-Lise Kaldhol, kommuneoverlege
- Arild Støylen, teknisk etat
- Kristine Brungot, kulturkonsulent (sekretær for arbeidsgruppa)

Styringsgruppe:
Kommunedirektøren si leiargruppe

Planmynde:
Formannskapet

Planprogrammet vart fastsett av formannskapet 11.03.2025, sak 21/25.

Planprogrammet vart lagt ut til høyring 25.04.2025, samstundes som oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Vikebladet-Vestposten.

Plan- og bygningslova stiller krav om medverknad i planprosessen, særleg frå grupper som kan bli påverka av planarbeidet. Det har derfor vore lagt vekt på dialog og innspel frå brukarar, lag og organisasjonar.

Som ein del av medverknadsarbeidet vart det gjennomført ope møte med inviterte lag, organisasjonar og idrettsrådet 28.04.2026. Det har også vore informert om planarbeidet gjennom Vikebladet-Vestposten, der arbeidsgruppa inviterte innbyggjarar, lag og organisasjonar til å kome med innspel om behov for nye anlegg og område for fysisk aktivitet og friluftsliv.



Ope møte med lag og organisasjonar, april 2026

1.5 Statlege mål og føringar

Staten sitt overordna mål med idrettspolitikken kan samanfattast i visjonen **idrett og fysisk aktivitet for alle** (Idrettsmeldinga, St. meld. 26 (2011-2012).

Ifølgje Idrettsmeldinga er den viktigaste føresetnaden for dette auka satsing på anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

Det inneber at det skal vere eit aktivitetstilbod innanfor den organiserte idretten for alle, både dei som ønskjer å prestere på idrettsbana og dei som primært ønskjer å vere fysisk aktive innanfor verdifulle sosiale fellesskap. Ved å inkludere så mange som mogleg i barne- og ungdomsidretten er det eit mål å skape grunnlag for livslang glede av å drive idrett og fysisk aktivitet. Ein kvalitativ god og differensiert barne- og ungdomsidrett er også eit fundament for toppidretten. Samstundes er det svært viktig å bidra til at samfunnet er godt tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet.

Det må her nemnast at det i inneverande år er starta på arbeidet med ny idrettsmelding, då mykje har endra seg sidan 2011-2012, ikkje minst vert stadig ein større del av befolkninga eldre.

Noreg har forplikta seg til å nå måla til FN og WHO om å redusere for tidleg død av ikkje smittsame sjukdommar med 33% frå 2015 til 2030. Eit av delmåla for å få til dette er å redusere fysisk inaktivitet med 15% i perioden.

Helsedirektoratet rår til at vaksne er fysisk aktive i minst 150-300 minutt med moderat intensitet eller 75-150 minutt med høg intensitet per veke, eller ein kombinasjon av begge. I tillegg bør muskelstyrkane aktivitet inkluderast minst to dagar i veka. Helsedirektoratet rår til at barn og unge (6–17 år) er fysisk aktive i minst 60 minutt om dagen med moderat til høg intensitet. Delen av innbyggarar som ikkje når desse måla skal altså reduserast med 15% i perioden.

Fysisk aktivitet og friluftsliv er ikkje berre viktig for å nå mål om betre fysisk helse hjå innbyggarane. Den nasjonale informasjonskampanjen ABC for psykisk helse skal gi innbyggarane råd om kva dei kan

gjere for å styrke si eiga psykiske helse. ABC står for “Act-Belong-Commit". På norsk har dette blitt oversett til “Gjer noko aktivt, gjer noko saman og gjer noko meiningsfylt”. Både friluftsliv, frivillig arbeid i lag og organisasjonar og trening verkar positivt på den psykiske helsa. Idrett, trening og mosjon er difor eit vesentleg bidrag for å nå nasjonale helsepolitiske mål.

1.6 Regionale mål og føringar

Her viser vi til Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028:

Den samfunnsbyggande krafta kulturen har, er det viktig å ta vare på. Tilbodet må ut til folk og gjerast tilgjengeleg. Frivilligheita gjennom musikk, idrett, trussamfunn og interesseorganisasjonar, må bli stimulert slik at fleire kan medverke i samfunnsutviklinga og finne sin plass saman med andre, finne meistring og trivsel.

Fylket har også utarbeidd ein Fylkesstrategi innanfor ulike område som skal følgje opp måla i Fylkesplanen. Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer skildrar status, utviklingstrekk og prioriteringar. Eit av satsingsområda er:

Arenaer for idrett, kultur og frivillig aktivitet, som har søkelys på forvalting og utvikling av inkluderande og miljøvennlege arenaer for organisert og ikkje-organisert aktivitet.



Nærmiljøanlegg Ulsteinvik barneskule, foto: Leif Ringstad

2. Tilskot frå spelemidlane

2.1 Formålet med spelemiddelordninga

Spelemidlane er eit sentralt verkemiddel i den statlege idrettspolitikken og skal bidra til at flest mogleg får høve til å drive idrett og fysisk aktivitet. Midlane kjem frå overskotet til Norsk Tipping AS og blir fordelte til idrettsformål etter årlege vedtak.

Kultur- og likestillingsdepartementet fastset regelverket gjennom forskrift om tilskot til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet frå speleoverskotet til Norsk Tipping (anleggsforskrifta).

Formålet med tilskotsordninga er å støtte bygging, rehabilitering og utvikling av anlegg som legg til rette for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Barn og unge er den viktigaste målgruppa, og det skal særleg leggjast vekt på anlegg som fremjar deltaking og god tilgjenge, også for personar med nedsett funksjonsevne.

Fylkeskommunen forvaltar den statlege fordelinga av spelemidlar regionalt, medan kommunane har ansvar for lokal planlegging, prioritering og behandling av søknader. Kva anlegg som blir realiserte, byggjer på lokale behov, kommunale prioriteringar og regionale føringar.

2.2 Kva kan det søkjast om tilskot til?

Det kan søkjast om spelemidlar til bygging, rehabilitering og nødvendig innreiing av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Anlegga skal vere opne for allmenn bruk og ikkje ha kommersielt formål. Ordinære anlegg skal vere innarbeidde i kommunen sin plan for idrett og fysisk aktivitet.



Turveg til Hasundhornet. Foto: Leif Ringstad

Tilskotsordninga omfattar tre hovudkategoriar:

Ordinære anlegg
Anlegg for organisert idrett og aktivitet, til dømes idrettshallar, fotballanlegg, friidrettsanlegg og symjeanlegg.

Nærmiljøanlegg
Utandørs anlegg som er fritt tilgjengelege for eigenorganisert fysisk aktivitet og leik, til dømes aktivitetsområde, anlegg for skating, klatring, ballbingar og leikeplassar.

Friluftslivsanlegg
Anlegg som legg til rette for friluftsliv, som turvegar, turstiar, turløyper og anlegg knytte til aktivitet på sjø og vatn.

Det kan søkjast om tilskot til:

- bygging av nye anlegg
- rehabilitering og oppgradering av eksisterande anlegg
- nødvendig innreiing av eksisterande anlegg
- tiltak som styrkjer universell utforming og tilgjenge

For ordinære anlegg kan det som hovudregel søkjast om tilskot på inntil ein tredel av godkjende kostnader, avgrensa av fastsette maksimalsatsar. For nærmiljøanlegg kan det som hovudregel søkjast om tilskot på inntil 50 prosent av godkjende kostnader innanfor gjeldande maksimalgrenser.

2.3 Søknadsprosess, saksbehandling og prioritering

Søknad om spelemidlar blir sendt elektronisk gjennom Anleggsregisteret.

Søkjar loggar inn via ID-porten og knyter profilen til organisasjonen eller verksemda det blir søkt på vegner av. Før søknaden kan sendast inn, må kommunen registrere anlegget i Anleggsregisteret. Anlegget får då eit anleggsnummer som skal nyttast i søknaden.

Søknadsportalen opnar normalt 15. juni kvart år. Ved innsending skal søkjaren velje rett anleggstype og leggje ved nødvendig dokumentasjon, mellom anna:

- finansieringsplan
- behovsvurdering
- kostnadsoverslag
- teikningar og anna relevant dokumentasjon

Når søknaden er ferdig, blir han sendt til kommunen for kontroll og prioritering. Kommunen sender søknaden vidare til fylkeskommunen, som behandlar søknaden og fattar vedtak om tildeling av spelemidlar.

Kommunen skal kontrollere at søknadane er komplette, at opplysningane i Anleggsregisteret er oppdaterte, og at søknadane oppfyller krava for vidare behandling.

Kontrollen omfattar mellom anna at:

- søknaden er fullstendig
- nødvendig dokumentasjon er lagd ved
- kostnadsoverslag og søknadsbeløp er vurderte
- anlegget er i samsvar med kommunen sine behov og prioriteringar
- ordinære anlegg er innarbeidde i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet

Kommunen skal ikkje avslå søknader, men registrere om vilkåra for vidare behandling er oppfylte.

Søknadane blir prioriterte etter kommunen sine mål og prioriteringar og grupperte som ordinære anlegg eller nærmiljøanlegg før dei blir sende vidare til fylkeskommunen innan fastsett frist.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for den regionale forvaltninga av spelemidlane. Etter kommunal behandling vurderer fylkeskommunen søknadane og fordeler midlane innanfor den statlege tildelingsramma.

Ved prioritering blir det mellom anna lagt vekt på:

- kommunale handlingsprogram og prioriteringar
- at kommunen har vedteke plan for friluftslivets ferdselsårer
- regionale behovsvurderingar
- innspel frå idretten sine organisasjonar
- uttalar frå anleggsråd
- føringar i *Anleggspolitikk for Møre og Romsdal*

Den regionale anleggspolitikken skal bidra til ei berekraftig utvikling av anleggsstrukturen i fylket. Det blir lagt vekt på anlegg som gir høg samfunnsnytte, fremjar aktivitet for flest mogleg, styrkjer oppvekstvilkåra for barn og unge, tek omsyn til universell utforming og legg til rette for berekraftig og effektiv bruk av ressursar.

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er eit sentralt grunnlag både for kommunen sine prioriteringar og for fylkeskommunen si vurdering av søknader om spelemidlar.

3. Utviklingstrekk i kommunen og status for folkehelsa

3.1 Befolkningsutvikling

Ulstein kommune har hatt sterk folketalsvekst sidan grensejusteringa i 1964, då kommunen hadde 3 857 innbyggjarar. Ved utgangen av 2.kvartal 2026 hadde Ulstein 8 931 innbyggjarar. I perioden 2015–2026 auka folketalet med 666 personar, som tilsvara ein årleg vekst på 0,7 %. Veksten har dei siste åra flata ut, og netto innvandring har vore den viktigaste årsaka til folketalsauken.

Framskrivingar viser at talet på innbyggjarar over 60 år vil auke dei komande åra, medan talet på barn, unge og personar i arbeidsfør alder er venta å gå ned. Ulstein har tradisjonelt hatt ei relativt ung befolkning, men må no førebu seg på ei endra alderssamansetjing og dei konsekvensane dette får for tenester, aktivitetstilbod og anleggsutvikling.

Busetjingsmønsteret har også endra seg. Fleire bur tettare enn tidlegare, og delen einehushald aukar, sjølv om einebustad framleis er den vanlegaste buforma.

3.2 Fysisk aktivitet og folkehelse

Samfunnsutviklinga har ført til at den daglege fysiske aktiviteten er redusert. Meir stillesitjande arbeid, auka bilbruk og meir skjermtid gjer at mange er mindre fysisk aktive enn tidlegare. Nasjonalt er aktivitetsnivået lågare enn det helsemyndigheitene tilrår, og det er tydelege sosiale skilnader i fysisk aktivitet.

Det finst ikkje gode data om aktivitetsnivået blant innbyggjarane i Ulstein, men Ungdata-undersøkinga og sjølvrapportering frå sesjon gir nokre indikasjonar. Ungdata 2024 viser at 89 prosent av elevane på ungdomsskulen og 87 prosent av elevane i vidaregåande skule trenar minst éin gong i veka. Dette er høgare enn både fylkes- og landsgjennomsnittet. Samtidig viser tal frå sesjon at ein del unge vaksne har låg fysisk aktivitet.

Barn og unge sine oppvekstvilkår har endra seg dei siste tiåra. Auka biltrafikk og meir skjermbruk har redusert den uorganiserte leiken og kvardagsaktiviteten i nærmiljøet. Færre går eller syklar til skule og fritidsaktivitetar enn tidlegare.

Fysisk aktivitet er ein av dei viktigaste faktorane for god helse og livskvalitet. Regelmessig aktivitet reduserer risikoen for ei rekkje livsstilssjukdomar, fremjar god psykisk helse og gir auka meistring og sosial tilhøyrsle. Organisert idrett, eigenorganisert aktivitet og friluftsliv gir viktige arenaer for fellesskap, trivsel og gode naturopplevingar.

3.3 Folkehelseutfordringar og prioriteringar

Folkehelseoversikta for Ulstein kommune (2024) peikar på fleire utfordringar som bør prioriterast i det vidare folkehelsearbeidet. Særleg blir det tilrådd å:

- arbeide vidare med integrering av tilflyttarar frå inn- og utland for å motverke utanforskap
- stimulere til auka fysisk aktivitet for å redusere overvekt, muskel- og skjelettplager og psykiske helseplager
- utvikle samfunnet og dei kommunale tenestene i takt med den endra alderssamansetjinga

Det er vanskeleg å dokumentere direkte samanhengar mellom investeringar i anlegg og målbare helsegevinstar. Helse blir påverka av mange ulike faktorar, og effektane av førebyggjande tiltak kjem ofte først etter lang tid. Samstundes er kunnskapsgrunnlaget tydeleg på at fysisk aktivitet har stor verdi både for fysisk og psykisk helse.

Den venta auken i talet på eldre gjer det viktig å utvikle fleire lågterskeltilbod som legg til rette for aktivitet gjennom heile livet. Dette omfattar mellom anna lett tilgjengelege turvegar, nærturar, møteplassar og aktivitetstilbod som «Sterk og stødig». Vidare utvikling av Stikk UT! og universelt utforma turvegar vil bidra til at fleire kan vere fysisk aktive uavhengig av alder og funksjonsnivå.

3.4 Deltaking i organisert aktivitet

Ungdata 2024 viser at 73 prosent av ungdomsskuleelevane deltek i organiserte fritidsaktivitetar. Dette er høgare enn både fylkes- og landsgjennomsnittet, som ligg rundt 60 prosent.

År	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023
Geografi					
Hele landet	25	26	27	27	28
Møre og Romsdal	25	26	27	29	29
Ulstein	16	22	21	18	20

Tabellen viser kor mange prosent som svarar ja på spørsmålet om dei trenar sjeldnare enn ein gong i veka på sesjon1.

Sjølv om Ulstein har eit breitt tilbod av anlegg og aktivitetar, er det framleis grupper som ikkje deltek. Barrierane kan vere knytte til språk, kultur, økonomi, transport, manglande foreldreinvolvering eller sosiale forhold. Dei siste åra er det sett i verk fleire tiltak for å redusere slike barrierar, mellom anna BUA, som tilbyr gratis utlån av sports- og friluftsutstyr, og ordningar som kontantkasse.

Ungdom peikar sjølve på Ung Arena som eit viktig lågterskeltilbod, og ønskjer meir open hall og fleire uformelle aktivitetstilbod. Dei trekkjer også fram tidleg spesialisering, høge prestasjonskrav og sterke ambisjonar som viktige årsaker til fråfall frå organisert idrett. For nokre ungdommar kan manglande aktivitetstilbod som samsvarer med eigne interesser også vere ei medverkande årsak.

4 Resultatvurdering av førre planperiode

Det har vore stor byggeaktivitet i Ulstein siste 20 åra, både i høve nærmiljøanlegg og ordinære anlegg. Siste ti åra har kommunen etablert fleire turvegar, i hovudsak knytt til sentrumsområdet og dei nære fjellområda, medan alle krinsane har fått ballbingar.

Fotball, friidrett, innandørsidrettane og den uorganiserte aktiviteten har fått etablert gode anlegg og områder for sine aktivitetar.

Det er dei siste 15 åra realisert nye anlegg til ein samla verdi på nær 600 millionar kroner i Ulstein. Kommunen står bak dei største og fleste anlegga, men lag og organisasjonar har også vore svært aktive i utviklinga av anlegg i denne perioden. Spelemidlar til desse anlegga utgjer nær 100 millionar kroner.

4.1 Realiserte ordinære anlegg

Anlegg	Eigar/utbyggar	Ferdigstilt	Kostnad	Spelemidlar
Ulsteinhallen/friidrettshall	Ulstein kommune	2015	100,5 mill.	4,5 mill.
Høddvoll Stadion	Ulstein kommune	2015	50 mill.	4,5 mill.
Garderobar og driftsbygg Hasundgot stadion	Hasundgot IL	2015	3,6 mill.	1,1 mill.
Ulstein Arena Symjeanlegg	Ulstein kommune	2017	120 mill.	25,5 mill.
Ulstein Arena Idrettshall	Ulstein kommune	2017	64 mill	14,0 mill.
Ulstein Arena Klatrehall	Ulstein kommune	2017		
Hødd Turnhall	IL Hødd Turn	2022	24,8 mill.	6,6 mill.

Kunstgras Høddvoll	Ulstein kommune	2024	6,4 mill.	1,3 mill.
Hasundgot Arena	Hasundgot IL	2025	25 mill	2,5 mill.
Karstein Warholm Stadion	Ulstein kommune	2026	12,0 mill.	3,8 mill.



Ulsteinhallen. *Foto: Leif Ringstad*

4.2 Realiserte nærmiljøanlegg og friluftslivanlegg

Anlegg	Eigar/utbyggar	Ferdigstilt
Turveg Gamleeidet-Vikeskaret	Ulstein kommune	2015
Ballbinge Dimna	Dimna grendalag	2015
Turveg Bugardsmyrane	Ulstein kommune	2015
Onglasætra aktivitetspark	Onglasætra Vel	2016
Turveg Bugarden-Lisjevatnet - Mosvatnet	Ulstein kommune	2016
Tufteparken i Bugarden	Ulstein kommune	2016
Terrengsykkelpark	Ultstein og omegn Sykkelklubb	2017
Tursti Vikemarka til Vasstasjonen på Eidet	Ulstein kommune	2017
Ballbinge Eiksund	Eiksund grendalag	2019
Ballbinge Haddal	Haddal grendalag	2020
Turveg Bugarden - Osberget	Ulstein kommune	2024
Aktvitetsanlegg Ulsteinvik barneskule	Ulstein kommune	2026

4.3 Erfaringar frå planperioden

Planperioden vi no har lagt bak oss, har vore prega av utbygging av fleire store ordinære anlegg. Desse store utbyggingane har gjort at Ulstein kommune no har god halldekning både med tanke på utandørsidrettane, innandørsidrettane og skulebruk. Når det er sagt er, er likevel all treningstid fordelt, noko som vitnar om høgt aktivitetsnivå innan innandørsidretten i Ulstein. Høgt aktivitetsnivå er det også på fotballanlegga i kommunen, noko som førte til bygginga av Hasundgot sportshall. Med Karsten Warholm stadion har også kommunen fått eit fullverdig anlegg dedikert for friidretten i kommunen.

Når det gjeld dei nærmiljøanlegga og friluftsanlegga var dette perioden for dei mange turvegprosjekta. Kommunen har fått mykje ros for utbygginga som er gjort i dei nære fjellområda. Naturopplevingar er gjennom desse anlegga gjort tilgjengelege for nærast alle brukargrupper. Dette er eit viktig folkehelsetiltak som vi vel å vidareføre i den komande planperioden.

I planperioden har det også vore utbygt fleire nærmiljøanlegg av ulikt slag. Alle krinsane har sine aktivitets-/ballbingar, vi har fått sykkelpark på Hovsethaugen, fleiraktivitetsanlegg i Onglasetra, og i 2026 fleiraktivitetsanlegg med innebandybane ved Ulsteinvik barneskule. Nærmiljøanlegga er viktige for bulyst og trivsel i nærmiljøet.

5. Samordning med kommuneplanen og andre kommunale planar

Ein plan for utbygging av anlegg til idrett og friluftsliv må vere i samsvar med kommunen sine overordna mål og planar.

Kommunen vedtok i 2026 Plan for friluftslivets ferdselsårer ilag med Hareid kommune. Denne legg bl.a føringar for både vern og vidareutvikling at naturområda våre.

Kommunen sin arealdel for 2019 til 2031 seier følgjande knytt til **Idrett og friluftsliv**:

Når det gjeld idrettsanlegg i kommunen, har ein i dagens situasjon ikkje dei store arealmessige utfordringane. Idrettsanlegg som er under utbygging eller planlegging, ligg innanfor regulerte areal avsett til føremålet. Innanfor området friluftsliv, har ein i kommunen mange moglegheiter og utfordringar.

Ulstein kommune har dei siste åra satsa på utbygging av turvegar og turstiar i utfartsområde og dei nære fjellområda. Etableringa av turvegane i Bugardsmyrane, til Lisjevatnet og Mosvatnet, og på Gamleeidet, er døme på etableringar som skaper ny/auka aktivitet. Dette er både eit folkehelsetiltak og eit tiltak som får fleire til å nytte seg av og bli glad i naturen. Utbyggingane og tilretteleggingane har vorte ein stor suksess, og turvegane har fleire hundre brukarar i løpet av ei veke.

No er det ikkje nytt at folket i Ulstein nyttar utfartsområda og dei nære fjellområda til trim og rekreasjon. Men det som viser seg som ei utfordring, er dei belastningane/slitasjen på terrenget som den auka bruken fører med seg. Terrenget i fjellområda er ofte vått og mykje trafikk fører difor til at dei gamle turstiane både blir til elvefar og myrlendte område. Bygging av turvegar med tilhøyrande klopper og grøfter er difor ikkje berre eit tiltak for turgåarane, men rett og slett tiltak for å ta vare på naturen. Utbygginga av turvegar skal skje så varsamt som mogleg og inngrepa skal vere best mogleg tilpassa terrenget. I eit folkehelseperspektiv er tilretteleggingar knytt til friluftsliv og turstiar særleg viktig. Ved desse og fleire andre turområde er no behovet for parkeringsareal blitt ei stor utfordring.

Som omtala tidlegare i planen, har Ulstein kommune vore gjennom ei periode med mange store utbyggingar knytt til idrett og fysisk aktivitet. Denne utviklinga og utbygginga har vore forankra i planverk og målsettingar. Vidare framover er det ikkje planar om større anlegg, med unntak av planane om ein storhall for fotball i Høddvoll området. Dette prosjektet skal det settast av areal til i det komande arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel.

6. Verkemiddel og rammer for utvikling av anlegg og område

I Ulstein har ein både kommunalt eigde idrettsanlegg og anlegg eigd av idrettslaga sjølve. I alle utbyggingssakene i kommunen har tildeling av spelemidlar vore langt på veg avgjerande for realiseringa av prosjektet. Idrettslaga har i dei fleste tilfelle fått kommunal garanti på lån, samt kommunal forskottering av meirverdiavgift og spelemidlar. Eit slikt kommunalt bidrag har i dei fleste tilfelle vore heilt avgjerande for realiseringa av nye idrettsanlegg. Idrettslaga driftar så anlegga sjølve, med eller utan kommunal økonomisk medverknad.

Kommunalt eigde anlegg er det i hovudsak kommunen sjølv som står for finansiering og drift av anlegga. Det er ikkje høve for kommunen å ta leige for bruk av anlegg til daglege treningar, men det kan takast t.d. «hall-leige» som tilsvarar dei reelle reinhaldskostnadane kommunen har. Ulstein kommune har innført slik «hall-leige» siste åra.

I realiseringa av Ulsteinhallen, Høddvoll stadion og Karsten Warholm stadion, har kommunen inngått avtalar med idrettslaga Dimna IL og Hødd fotball, der laga har kjøpt reklamerettane til stadion. Dette er sjølvsagt viktige inntekter for kommunen, men endå viktigare for idrettslaga som sikrar seg muligheiter for meirinntekter frå sine sponsorar og støttespelarar.



Karsten Warholm Stadion. *Foto: Leif Ringstad*

6.1 Organisatoriske verkemiddel

Ulstein kommune ved eigedomsavdelinga forvaltar den kommunale bygningsmassen i Ulstein. Eigedomsavdelinga har også ansvaret for opparbeiding og drift av uteareal på skulane og i kommunale barnehagar.

Ulstein kommune ved kulturavdelinga har bruks-/koordineringsansvaret for Ulsteinhallen, Idrettshallen, Ulsteinbadet og Klivrehallen i Ulstein Arena, samt gymsalen på Skeide (gamle Ulstein skule).



Turvegen til Osberget
Foto: Leif Ringstad

Kulturavdelinga har også ansvar for koordinering av bruken av anlegga Høddvoll stadion og Karsten Warholm stadion. Det er kulturkontoret som tildeler treningstider hallane (i samråd med Ulstein Idrettsråd), og leiger ut hallane til kampar og andre arrangement på kveldar og i helgane.

Kulturavdelinga har stått for utarbeidinga og prosjektansvar for utbygging av turvegane i Ulstein, medan teknisk etat har hatt ansvar for byggeleiing. Sidan kommunen har stått føre utbygginga og fått tildelt spelemidlar til turvegane, har også kommunen teke på drifts- og vedlikehaldsansvaret for dei.

6.2 Sikring av areal

Ved arealplanlegging skal det takast omsyn til behova for utbygging og tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet. I Ulstein har ein per dags dato god dekning i høve dei store idrettsanlegga. Også Hødd fotball sitt framtidige ønskje om bygging av eit innandørs fotballanlegg, har ei tiltenkt plassering i kommuneplanen sin arealdel.

Når det gjeld friluftsaktivitet og friluftsliv, bør kommunen vurdere å gjennomføre statleg sikring av friområde som er viktige for innbyggjarane. Aktuelle område kan til dømes vere Osnessanden, Roppesanden, turstiane langs Ulsteinfjorden og området Bugardsmyrane – Osberget.

Eit statleg sikra friluftslivsområde er eit område som kommunen eller friluftsrådet har sikra gjennom kjøp eller bruksavtale for allmenn bruk, med støtte frå staten. Område som er særleg prioritert for statleg sikring er mellom anna:

• lett tilgjengelege område og ferdselsårer i nærleiken av bustadområde

• landfaste områder i kystsona

• område som bedrar tilgangen for personar med nedsett funksjonsevne

• område som er forankra i vedtekne planar etter plan- og bygningslova

Formålet med statleg sikring av område er å fremje friluftsaktivitet gjennom naturvenleg tilrettelegging og skjøtsel. Statleg sikra friluftslivsområde blir gjort lett tilgjengelege og attraktive for allment friluftsliv.

Kommunar og interkommunale friluftsråd som har forvaltningsansvar for det statleg sikra området kan søkje om tilskot til:

• Tilretteleggingstiltak og skjøtsel, men ikkje ordinær drift.

• Tilkomstvegar, parkeringsplassar, turvegar og stiar, badeplassar, brygge, toalett

• Tiltak for auka tilgjenge (rullestoltilpassa stiar, toalett etc.).

• Informasjonstavler, natur- og kulturformidling.



Hasundgot Arena (fotball). *Foto: Leif Ringstad*

6.3 Utbygging og tilrettelegging

Med utgangspunkt i kommunen sine mål for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal utviklinga av anlegg og område skje målretta og i tråd med dei prioriteringane som er fastsette i denne planen. Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er kommunen sitt viktigaste styringsverktøy for planlegging, prioritering og utbygging av anlegg.

Utbygging og tilrettelegging for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere ein integrert del av kommunen sine langsiktige planar. Prioriteringane må byggje på dokumenterte behov og sjåast i samanheng med kommunen sine mål for folkehelse, oppvekst, inkludering og berekraftig samfunnsutvikling.

Behova innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv må også vurderast opp mot målsetjingane for gode oppvekstvilkår for barn og unge. Tilgang til attraktive og varierte aktivitetstilbod i nærmiljøet er ein viktig føresetnad for å fremje livslang deltaking i fysisk aktivitet.

Planlegging og utbygging av anlegg skal samordnast med andre samfunnsomsyn, mellom anna arealbruk, natur- og miljøverdiar, landskap, kulturminne, klima og bustadutvikling. Det skal leggjast vekt på løysingar som styrkjer samanhengen mellom ulike funksjonar og bidreg til effektiv bruk av areal og eksisterande infrastruktur. Ei heilskapleg tilnærming vil kunne auke verdien av investeringane og sikre at anlegga kjem flest mogleg innbyggjarar til gode.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for å forvalte og fordele spelemidlar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i fylket. Etter at kommunane har behandla og prioritert søknadane, blir desse sende til fylkeskommunen for endeleg vurdering og tildeling av midlar.

Ved fordeling av spelemidlar legg fylkeskommunen til grunn statlege føringar og måla i *Anleggspolitikk for Møre og Romsdal*. Anleggspolitikken skal bidra til ei berekraftig utvikling av anleggsstrukturen i fylket og legg vekt på at anlegga skal gi høg samfunnsnytte og leggje til rette for fysisk aktivitet for flest mogleg. Særleg blir det prioritert anlegg som fremjar aktivitet blant barn og unge, nærmiljøanlegg, friluftslivsanlegg og anlegg som støttar både organisert og eigenorganisert aktivitet.



Ulsteinbadet. Foto: Leif Ringstad

Den regionale anleggspolitikken legg også vekt på god geografisk fordeling av anlegg, universell utforming, berekraftige løysingar og effektiv utnytting av eksisterande anlegg. Kommunen sine prioriteringar i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er derfor eit sentralt grunnlag for fylkeskommunen si behandling av søknader om spelemidlar.

6.4 Økonomi og finansiering

Finansiering av idrettsanlegg i Noreg byggjer på ein **samfinansieringsmodell** der statlege midlar, lokale bidrag og eige arbeid vert kombinert.

Her er ei utdjuping av dei viktigaste finansieringskjeldene:

1. Spelemidlar (Statleg tilskot)

- **Kjelde:** Overskotet frå Norsk Tipping [Norges idrettsforbund].
- **Omfang:** Kan normalt dekkje inntil **ein tredjedel (33,3 %)** av dei godkjende investeringskostnadene.
- **Maksgrenser:** Det finst faste makssummar avhengig av anleggstype (til dømes eigne satsar for kunstgrasbanar, notar, symjehallar eller mindre nærmiljøanlegg).

2. Dugnad (Eigeninnsats)

- **Verdi:** Frivillig arbeid har ein reell økonomisk verdi i finansieringsplanen.
- **Satsar:** Verdien av dugnadstimar vert prissett etter eigne statlege fastsette satsar per time (satsane varierer ut frå om det er manuelt arbeid eller bruk av eigne maskiner).
- **Eigenkapital:** Godkjend dugnad vert rekna som ein del av eigenkapitalen til idrettslaget i søknaden.

3. Kommunale og fylkeskommunale tilskot

- **Kommunen:** Bidreg ofte med direkte økonomiske tilskot, gratis eller billig tomtegrunn, eller lånegarantiar.
- **Frivilligheit**: Mange kommunar har eigne støtteordningar for lokal idrett som kjem i tillegg til spelemidlane.

4. Gåver, sponsorar og momskompensasjon

- **Lokale gåver:** Lokalt næringsliv eller private stiftingar (til dømes Sparebankstiftingar) gjev ofte store gåvesummar til anlegg.
- **Momskompensasjon:** Idrettslag kan søkje om å få tilbakeført meirverdiavgifta (momsen) på materialar og tenester som er brukte til å byggje anlegget. Dette utgjer **25 %** av dei fleste kostnadene.

5. Eigenkapital og lån

- **Klubbkassa:** Pengar idrettslaget har spart opp sjølv gjennom medlemskontingentar, arrangement eller kiosksal.
- **Banklån:** Dersom det framleis manglar midlar, må idrettslaget ta opp lån i banken. Kommunen må ofte stille som garantist for at banken skal innvilge lånet.

6.5 Drift og vedlikehald

God drift og systematisk vedlikehald er avgjerande for at anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere trygge, funksjonelle og attraktive gjennom heile levetida. Drift og vedlikehald må derfor vere ein integrert del av planlegginga allereie før anlegget blir bygd. Ein plan for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling (FDVU) bør liggje føre for alle større anlegg og vere grunnlag for både økonomiske og organisatoriske vurderingar.

Ansvaret for drift og vedlikehald varierer mellom anlegg. I mange tilfelle eig kommunen anlegget, medan idrettslag eller andre brukarar har ansvar for den daglege drifta gjennom eigne driftsavtalar. Klare avtalar om ansvar, oppgåver og økonomi er ein viktig føresetnad for ei føreseieleg og effektiv forvaltning av anlegga.

Drift av enkelte anleggstypar, som symjeanlegg, kunstisanlegg og større fleirbruksanlegg, krev særskild fagkompetanse. Det er derfor viktig at eigarar og driftsansvarlege har tilgang til nødvendig kompetanse og held seg oppdaterte på gjeldande krav, standardar og beste praksis.

Drifts- og vedlikehaldskostnader utgjer ein vesentleg del av den totale livssykluskostnaden for eit anlegg. Ved planlegging av nye anlegg må det derfor leggjast vekt på realistiske vurderingar av framtidige driftsutgifter og finansiering. God økonomistyring og langsiktig vedlikehaldsplanlegging er avgjerande for å sikre berekraftig drift og for å ta vare på verdiane i anlegga.



Høddvoll stadion. Foto: Leif Ringstad

Berekraft skal vere eit gjennomgåande omsyn ved drift og vedlikehald. Dette omfattar mellom anna energieffektive løysingar, redusert ressursbruk, god avfallshandtering og val av miljøvenlege materiale og driftsmetodar. Ei berekraftig forvaltning bidreg både til reduserte driftskostnader og til å nå kommunen sine klima- og miljømål.

Ved søknad om spelemidlar er det krav om at det ligg føre ein plan for drift og vedlikehald. Planen skal mellom anna dokumentere kalkulerte driftsutgifter og driftsinntekter, organisering av drifta og dei tekniske føresetnadene for å kunne drifte anlegget på ein forsvarleg måte.

Kommunen og anleggseigarane bør nytte tilgjengelege rettleiarar og fagressursar frå Norges idrettsforbund og andre nasjonale fagmiljø i planlegging, bygging og drift av anlegg. Dette bidreg til kvalitet, kostnadseffektiv drift og god forvaltning av anlegga over tid.

7 Status og framtidige behov

7.1 Dagens anleggsdekning

Ulstein kommune har eit variert og godt utbygd tilbod av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Tilbodet omfattar både anlegg for organisert idrett og anlegg og område som legg til rette for eigenorganisert aktivitet og friluftsliv.

Hasundgot IL, Haddal IL og IL Hødd eig og driv eigne fotballanlegg der det blir gjennomført trening og kampar. IL Hødd og Hasundgot IL har i tillegg aktivitetshallar/fotballhallar som gir gode treningsforhold gjennom heile året.

Friidretten fekk i 2015 ny innandørs friidrettsarena i Ulsteinhallen. I 2025 starta arbeidet med ombygging av friidrettsanlegget på tidlegare Høddvoll stadion. Det nye og utvida anlegget, Karsten Warholm stadion, skal stå ferdig våren 2026 og vil gi friidretten eit moderne anlegg som tilfredsstiller gjeldande krav til trening og konkurransar.

IL Hødd har ei av dei største turngruppene i fylket. Opninga av Hødd turnhall i 2022 har gitt betre treningsforhold, auka kapasitet og lagt til rette for vidare utvikling av turntilbodet.

Ulstein kommune eig og har driftsansvaret for Ulsteinhallen og Ulstein Arena med tilhøyrande idrettshall, klatrehall og symjeanlegg/badeland. I tillegg har Ulstein Klatrelag etablert eit utandørs klatreanlegg på Osnes. Desse anlegga, saman med dei andre idrettsanlegga i kommunen, gjer det mogleg å arrangere regionale og nasjonale turneringar og meisterskap innan fleire idrettar.

Fleire idrettshallar knytte til skular og grendehus blir nytta både av idrettslag, skular og innbyggjarar. Dette gjeld mellom anna Hasund skule- og grendehus, Haddal skule- og grendehus, Dimna skule- og grendehus og idrettshallane ved Ulstein skule og Flø skule.



Kommunen har, i samarbeid med skulane og grendelaga, etablert fleire nærmiljøanlegg og aktivitetsområde ved skulane. Ved Ulstein ungdomsskule er det mellom anna etablert nærmiljøanlegg med kunstgrasbane og friidrettsområde.

I sentrumsområdet er det utvikla fleire attraktive aktivitetsområde. Saunesparken, som er etablert i samarbeid mellom kommunen, grendelag og lokalt næringsliv, omfattar sandvolleyballbane, basketbane, fotballbane og leikeområde. Ved Vikholmen er det etablert diskgolfanlegg og skatepark. På Hovsethaugen bygde Ulstein og Omegn Sykkelklubb i 2017 sykkelpark med pumptrack og utforsykling, medan det på Onglasætra er etablert ein større aktivitetspark.

Nærmiljøanlegg Ulsteinvik barneskule
Foto: Leif Ringstad

Kommunen har sidan 2004 gjennomført elleve turvegprosjekt med ei samla lengd på over 20 kilometer. Turvegane er blant dei mest brukte nærfriluftsanlegga i kommunen og har stor verdi både for folkehelse, rekreasjon og universell tilgang til naturen.



Stikk-ut post Smørkinna. *Foto: Leif Ringstad*

I tillegg har også frivillige lag og organisasjonar har i tillegg gjort ein flott innsats for å utvikle og ta vare på friluftstilbodet i kommunen. Gjennom merking, skilting og vedlikehald av stiar, bygging av bruer, kvileplassar og andre enkle friluftsanlegg har dei gjort naturområda meir tilgjengelege for innbyggjarane. Denne innsatsen er ein viktig del av kommunen sitt samla aktivitetstilbod.

Tur-trimordninga **Stikk UT!** har dei siste åra blitt eit av dei viktigaste lågterskeltilboda for fysisk aktivitet i kommunen. Gjennom eit godt samarbeid mellom frivillige lag, kommunen og Friluftsrådet for Ålesund og omland blir turmål registrerte, merkte og vedlikehaldne. Ordninga stimulerer til aktivitet for alle aldersgrupper og bidreg til auka bruk av både nærfriluftsområde og fjellområde gjennom heile året.

Samla sett har Ulstein kommune eit breitt og variert tilbod av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Samstundes viser kartlegginga at det framleis er behov for vidare utvikling, rehabilitering og tilrettelegging for å møte framtidige behov og sikre eit godt aktivitetstilbod for alle aldersgrupper og brukargrupper.

7.2 Nærmiljøanlegg

Det er viktig at både nye og etablerte bustadområde har gode nærmiljøanlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet, med barn og ungdom som viktigaste målgruppe.

Siste 10-15 åra har det blitt etablert mange nærmiljøanlegg både i sentrum og i krinsane. Særskilt har det blitt satsa på ballbingar, og no har både Ulsteinvik, Flø, Hasund, Dimna, Haddal og Eiksund ballbingar, i hovudsak knytt til skule- og grendehus.

I sentrum har Ulstein kommune i samarbeid med private og næringslivet etablert Saunesparken, som er eit aktivitetsanlegg med aktivitetar for både barn, ungdom og vaksne. Sidan 2015 har vi også fått etablert andre nærmiljøanlegg i sentrumskrinsen med Aktivitetsparken i Onglasætra, Tufteparken i Bugarden og sykkelpark på Hovsethaugen. Initiativa til dei ulike anlegga har kome både frå

grendelag, idrettslag og kommunen, og dei fleste er blitt etablerte i tett samarbeid mellom fleire partar.

Siste aktivitetsanlegg som er etablert, er den nye sentrumsparken ved Ulsteinvik barneskule. Dette nærmiljøanlegget inneheld fire delanlegg, med innebandybane, streetbasket og to multisportbaner. Anlegget har kome i stand i samspelet mellom skulen, Hødd innebandy og Sentrumskrinsen grendalag. Sentrumsparken vil styrke aktivitetstilbodet til barn og ungdom i Ulstein, og legg til rette for endå betre muligheiter til å halde på med varierte aktivitetar både i fritid og i skuletid.

7.3 Ordinære anlegg

I Ulstein har det siste åra realisert fleire store anlegga som nye Ulsteinhallen, nye Høddvoll stadion, Arena Ulstein, Hødd turnhall, Karsten Warholm stadion og Hasundgot Sportshall.



Idrettshallen Ulstein Arena. *Foto: Leif Ringstad*

I lys av desse store utbyggingane, vil det vere mindre behov for nye store idrettsanlegg i den komande planperioden. Eit mogleg prosjekt er som tidlegare nemnt, er ny storhall for fotball i Høddvollområdet. Utover dette ser vi per i dag ikkje føre oss behov for nye større anlegg i denne planperioden.

7.4 Friluftsliv

Friluftsliv er ein viktig del av kommunen sitt arbeid med folkehelse, livskvalitet og berekraftig samfunnsutvikling. Kommunen har vedteke plan for friluftslivets ferdselsårer. I komande planperiode skal Ulstein kommune prioritere vidare utvikling og tilrettelegging for friluftsliv og eigenorganisert fysisk aktivitet. Målet er å gjere natur- og friluftsområde lett tilgjengelege for alle innbyggjarar, uavhengig av alder, funksjonsnivå og føresetnader.

Gode anlegg for friluftsliv er etterspurde av barnehagar, skular, frivillige lag og organisasjonar, idrettslag og innbyggjarar generelt. Tilrettelagde område og stiar stimulerer til dagleg fysisk aktivitet og bidreg til auka deltaking i friluftsliv gjennom heile året.

Anlegg for friluftsliv er ein eigen kategori innan tilskotsordninga for ordinære spelemidlar. Dette omfattar mellom anna turvegar, turstiar, turløyper og anlegg knytte til sjø og vatn. Sjølv om utandørs badeplassar ikkje er omfatta av spelemiddelordninga, kan det søkjast om tilskot til aktivitetsområde, sanitæranlegg, brygger og anlegg som legg til rette for aktivitetar som kajakkpadling, segling og andre former for friluftsliv på sjø og vatn.

For Ulstein kommune vil tilrettelegging for friluftsliv knytt til både sjøen og dei nærliggande fjellområda vere eit særleg satsingsområde i planperioden. Kommunen har unike naturkvalitetar som gir gode moglegheiter for eit variert friluftsliv, og vidare utvikling av anlegg og tilrettelegging kan styrkje både folkehelsa, reiselivet og den lokale identiteten. Tilrettelegging for aktivitetar som segling, padling og andre sjøbaserte aktivitetar vil òg kunne bidra til å vidareutvikle eksisterande aktivitetstilbod og frivillige miljø.

Vidare utvikling av turvegnettet skal skje i tråd med plan for friluftslivets ferdselsårer med omsyn til naturmangfald, landskap og klima. Nye tiltak må planleggjast slik at dei tek vare på sårbare naturområde, reduserer slitasje og erosjon og kanaliserer ferdsel til robuste trasear. Der det er behov, kan nye turvegar og tilretteleggingstiltak avlaste eksisterande stiar med stor trafikk og gi betre tilkomst til dei mest nytta utfartsområda.

I tråd med kommuneplanen sin arealdel og plan for friluftslivets ferdselsårer skal det leggjast vekt på universell utforming der dette er naturleg og mogleg. Eit samanhengande og tilgjengeleg turvegnett vil gjere friluftsområda tilgjengelege for fleire brukargrupper. Det skal også leggjast vekt på gode parkeringsløysingar og nødvendig tilrettelegging ved dei mest brukte utfartsmåla, slik at tilkomsten blir trygg og funksjonell utan å gå på kostnad av natur- og landskapsverdiar.

7.5 Folkehelse og aktivitetstilbod

Folkehelse er eit gjennomgåande perspektiv i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet. Alle tiltak som legg til rette for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv, leik og rekreasjon skal bidra til å styrkje innbyggjarane si helse, trivsel og livskvalitet. Eit variert og tilgjengeleg aktivitetstilbod kan førebyggje sjukdom, redusere sosiale helseforskjellar og leggje grunnlag for gode levevanar gjennom heile livet.

Kommunen skal arbeide for at alle innbyggjarar, uavhengig av alder, funksjonsevne og føresetnader, har tilgang til attraktive anlegg og naturområde som stimulerer til dagleg fysisk aktivitet. Særleg er det viktig å leggje til rette for lågterskeltilbod og eigenorganisert aktivitet i nærmiljøet.

Etableringa av badeanlegget i Ulstein Arena, utviklinga av turvegnettet og utbygginga av nærmiljøanlegg og aktivitetsområde dei siste åra har styrkt kommunen sitt tilbod til innbyggjarane.

Samla gir desse anlegga gode moglegheiter for aktivitet gjennom heile året og for eit breitt spekter av brukargrupper.

I planperioden skal kommunen halde fram arbeidet med å utvikle anlegg og aktivitetstilbod som fremjar folkehelse. Prioritering av nærmiljøanlegg, turvegar, friluftsanlegg og universelt utforma løysingar vil vere viktige verkemiddel for å stimulere til auka fysisk aktivitet og aktiv bruk av nærmiljøet. Gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar vil kommunen arbeide for at flest mogleg får høve til å vere fysisk aktive og oppleve meistring, fellesskap og gode naturopplevingar.

8. Mål, strategiar og satsingsområde

8.1 Overordna mål

Ulstein kommune skal leggje til rette for eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn der alle innbyggjarar har moglegheit til å delta i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv gjennom heile livet.

Kommunen skal:

- leggje til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv gjennom lett tilgjengelege nærmiljøanlegg og friluftsområde.
- sikre eit variert, framtidsretta og berekraftig anleggstilbod for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- bidra til gode rammevilkår for barne- og ungdomsidretten.
- utvikle aktivitetstilbod og anlegg som er tilgjengelege for alle, med særleg merksemd på personar med behov for tilrettelegging.
- nytte idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som viktige arenaer for folkehelse, inkludering og sosial deltaking.

8.2 Delmål

Idrettsanlegg

- Utvikle og vedlikehalde idrettsanlegg som møter behova til idrettslaga og innbyggjarane.
- Prioritere rehabilitering og modernisering av eksisterande anlegg.
- Sikre universell utforming og god tilgjenge til alle nye anlegg, og forbetre tilkomsten til eksisterande anlegg der det er mogleg.
- Planleggje anlegg med vekt på berekraft, god arealutnytting og sambruk mellom ulike brukargrupper.
- Leggje til rette for at kommunen kan vere vertskap for regionale og nasjonale arrangement der dette er naturleg.

Nærmiljøanlegg

- Sikre at alle bustadområde har tilgang til attraktive område for leik, eigenorganisert aktivitet og opphald.

- Vidareutvikle nærmiljøanlegg ved skular og grendehus som møteplassar for fleire brukargrupper.
- Etablere samanhengande gang- og turvegar som knyter saman bustadområde, skular, idrettsanlegg, friluftsområde og sentrum.
- Prioritere universelt utforma nærmiljøanlegg og sentrumsnære turstiar som kan nyttast av alle, både unge og eldre.

Friluftsområde

- Ta vare på og vidareutvikle friluftsområde og ferdselsåre med stor verdi for allmenta, både ved sjøen og i fjellområda.
- Arbeide for statleg sikring av viktige friluftsområde der dette er aktuelt, t.d. Bugardsmyrane/ Osberget, turstiane langs Ulsteinfjorden og badeplassane Osnessanden og Roppesanden.
- Betre tilkomsten til utfartsområde gjennom gode parkeringsløysingar og nødvendig tilrettelegging.
- Leggje til rette for universell utforming der natur- og terrengtilhøva gjer dette mogleg.
- Sikre nødvendig infrastruktur, som toalett, kvileplassar og informasjon, ved dei mest brukte friluftsområda.
- Vedlikehalde og vidareutvikle hovudturvegane og nettet av turstiar for å redusere slitasje, erosjon og attgroing.

8.3 Strategiar

For å nå måla i planperioden skal Ulstein kommune:

- prioritere bygging, rehabilitering og vidareutvikling av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i samsvar med denne planen.
- leggje til rette for sambruk av kommunale anlegg mellom skule, idrett og frivillig sektor.
- stimulere til eigenorganisert fysisk aktivitet gjennom utvikling av nærmiljøanlegg, turvegar og aktivitetsområde.
- arbeide for statleg sikring av friluftsområde med særleg stor verdi for allmenta.
- ha eit tett samarbeid med Ulstein idrettsråd, idrettslaga, frivillige lag og organisasjonar, Friluftsrådet og lokalt næringsliv om utvikling og drift av anlegg og aktivitetstilbod.
- leggje til rette for rettferdig fordeling av treningstider og god utnytting av kommunale idrettsanlegg.
- nytte kommunale tilskotsordningar og spelemiddel aktivt for å utvikle og rehabilitere anlegg.
- støtte opp om lågterskel aktivitetstiltak som Stikk UT!, turtrim, aktivitetsdagar, trimgrupper og andre folkehelsetiltak som stimulerer til dagleg fysisk aktivitet.
- leggje vekt på berekraft, universell utforming og livsløpsperspektivet ved planlegging, bygging og drift av alle nye anlegg.

8.4 Prioriterte satsingsområde

Prioriterte satsingsområde i dei komande åra er todelt. Anlegg som har fått delutbetalingar eller som har vore planlagt over lengre tid er prioritert øvst i handlingsprogrammet for ordinære anlegg. Nye tiltak basert på innkomne innspel er knytt til sjøaktivitetar.

Når det gjeld nærmiljøanlegg vil Ulstein kommune halde fram arbeidet med tilrettelegging for friluftsaktivetar gjennom utvikling av turvegar og andre friluftanlegg for breie brukargrupper, samt starte arbeidet med statleg sikra friluftsområde.

9. Handlingsprogram 2027-2031

9.1 Ordinære anlegg

Anlegg	***Utbyggar***	***Kostnad***
Ulstein Arena Idrettshall	Ulstein kommune	64,5 mill kr
Hødd turnhall	Hødd Turn	27 mill kr
Hasundgot Arena fotball	Hasundgot IL	25 mill kr
Lysanlegg Høddvoll	Ulstein kommune	3,4 mill kr
Kunstgras og lysanlegg Ulsmohallen	Hødd fotball	1,5 mill kr
Servicebygg Høddvoll	Hødd fotball	1,9 mill kr
Rehabilitering kunstgras og lysanlegg Ulsteinhallen	Ulstein kommune	1,9 mill kr
Båthus for lagring av joller – Store Vikholmen	Ulstein Seilforening	Ikkje kostn.rekna
Flytebrygge – Store Vikholmen	Ulstein Seilforening	Ikkje kostn.rekna
Brygge – Store Vikholmen	Ulstein Seilforening	Ikkje kostn.rekna
Utsettingsrampe – Store Vikholmen	Ulstein Seilforening	Ikkje kostn.rekna

9.2 Nærmiljøanlegg og friluftsanlegg

Anlegg	***Utbyggar***	***Kostnads-overslag***
Multisportbane 1 – Ulsteinvik barneskule	Ulstein kommune	1,3 mill kr
Multisportbane 2 – Ulsteinvik barneskule	Ulstein kommune	1,3 mill kr
Balanse og aktivitetspark - Dimna skule	Ulstein kommune/ Dimna	600.000 kr
Pumptrack/sykkelbane - Dimna skule	Ulstein kommune/ Dimna	600.000 kr
Naturplassen med gapahuk, grill/grue og benkar - Dimna skule	Ulstein kommune/ Dimna	600.000 kr
Aktivitetspark – Flø skule	Flø IL	600.000 kr
Friluftsanlegg Osnessanden	Ulstein kommune	Ikkje kostnadsrekna
Turveg Breifjellsida – Vikeskaret 550 meter	Ulstein kommune	500.000 kr
Turveg Osberget – Varden (Honden) 450 meter	Ulstein kommune	350.000 kr
Turveg Brunene-Bugardsmyra – Varden 450 meter	Ulstein kommune	500.000 kr
Turveg Kleiva – Vågevågen 1,2 km	Ulstein kommune	Ikkje kostn.rekna

Turveg Vågevågen – Dimna skule 1,5 km	Ulstein kommune	Ikkje kostn.rekna
Fjordsti Ryssholmen – Ulsteinelva 650 meter	Ulstein kommune	500.000 kr
Fjordsti Ivagarden – Gåsneset 950 meter	Ulstein kommune	750.000 kr

10 Langsiktige oppgåver

Anlegg	***Utbyggar***	***Kostnad***
Storhall fotball	Hødd fotball	Ikkje kostnadsrekna
Garderobeanlegg nye Høddvoll	Hødd fotball	Ikkje kostnadsrekna